

Sundgarden -Sundplassen (gnr. 183)

Namnet er eit godt namn på ein stad, ein gard, som ligg ved eit sund. Sundet over Lågen her ved Sundgarden vart i den tid det var i bruk, kalla Fåberg sund eller Fåberg øvre sund. Fåberg nedre sund var sundet ved Vingnes.

Sundplassen – Sundgarden var lenge ein velkjend og sentral stad i Fåberg. Det er elles ting som tyder på at bruket og har vore kalla Sundet. I lista over Tiendekorn 1604 er det såleis ein gard i Fåberg som er kalla Sundt, men som truleg skulle vera Sundet. Tienda som skulle svarast var 1 ½ td., som t.d. for Øvstedal, Ovren, Ronnerud og Ramnum. I 1624 er det fortalt at sundmannen der heitte Svein. Frå seks år seinare er det elles ei stor rettssak om Sundplassen i Fåberg, men domen som er dagsett 26. juli 1630, er så omfattande at det ikkje her er plass til å ta han med.

”Sundplassen” er garden og kalla i matrikkelen av 1668. Det er der fortalt at Sundplassen da tilhørde kaptein Reichwein, men at sundmannen Gulik budde der og brukte plassen. Den årlege landskyld av garden var i den tid ½ hud eller 1 ½ pund smør, og det er vidare fortalt at enga, innmark på bruket var god, men det var ingen skog der. Buskapen av store husdyr utgjorde da 2 hestar og 12 naut, og garden hadde seter og sommarbeite på Nordseter. Gulik var framleis brukar av Sundplassen også i 1678. Det er da opplyst at bruket Kinshaugen var lagt til garden, og at landskylda derfor var auka til 7 skinn. Men i 1706 var det sersjant Sølvfest Mortensen som var husbonde der, og i 1715 hadde han og fått skjøte og var eigar av Sundgarden. Kona til sersjant Sølvfest heitte Maren Sophie, og var visstnok ei kvinne som kunne halde karane unna seg. I 1719 hadde såleis ein Dag Dagson stemnt fru Maren Sophie til tings, fordi ho sistl. St. Hansdag hadde slått han med eit vedtre. Same fru Maren Sophie førde elles og saker for mannen sin. Ei av desse sakene gjeld især tilhøva ved Fåberg sund og er i utskrift av tingboka referert såleis:

”Tollersrud i Fåberg 8 sept. 1721.

Efter spørsmål fra Maren Sophie, Sølvfest Mortensens hustru som bor i Sundgarden, svarte almuen:

- A. At Fåbergs sund alltid har fulgt Sundgaarden, som ligger bekvemmest.
- B. At det er vitterligt at hun sommeren 1719 frasa sig sundet fordi hun ikke kunde nyde den samme sundtold av de andre fjerdingar i sognet som av Aalsfjeringen, neml. 2 mæl. korn av hver fuldgaard m.v.
- C. At hele Gudsdal ofte reiser over Fåberg sund.
- D. At ingen av de tilstedeværende vil være sundmann da de bor ubekvem. De vil heller betale samme told som i Aalsfjeringen. Forresten tilstår almuen at Sølvfest Mortensen og hustru alltid har opvartet sundet upåklagelig. Det siste år da 2 husmenn på almuens vegne opvartet sundet, druknet en gjente formedelst disse husmenns uagtsomhet.

Herom begjærte Maren Sophie tingsvidne.”

Den drukningsulykka det her er fortalt om, kallar vi heretter ulykke nr. 1 i Fåberg sund. Vi får seinare høre om fleire.

To år seinare var fru Maren Sophie atter tilstades ved eit tingmøte på Tollersrud og målbar sundmannen si klage over tilhøva ved Fåberg sund. Ei utskrift frå dette møtet har denne ordlyden:

”Tollersrud i Fåberg 14. juni 1723.

Maren Sophie, Sølvfest Mortensens hustru, beklager sig over at hun hittil er slett belønnet for den umake hun og hennes mann har med sundet her i Fåberg sogn, hvorpå hun med almuen blev forenet om at sundmannen herefter både i krigs- og fredstid skal ha 2 riksort av hver fuldgard, 1 ort av hver halvgård og 12 skl. av hver ødegård i Fåberg sogn. Derimot skaffer sundmannen de fornødne færges og båter og vedlikeholder samme, og forplikter sig til forsvarlig og upåklagelig å beopagte sundet.”

Sølvfest Mortensen hadde Sundplassen til i 1736. Da gav han skjøte til værson sin korporal Fredrik Pedersen og arvingane hans på ”gårdepladsen Sundpladsen kaldet skyldende årlig med bøxel 6 k.skind for sum 240 rd.” Kjøparen, Fredrik Pedersen Sundgaarden, som han da er kalla, lånte med det same 240 rd. av Syver Skjellerud og Iver Tråset mot pant i Sundgården av skyld 6 skinn.

Fredrik Pedersen, som da tok over sundet og Sundgården, var fødd i 1692 og gift med Maren Kristensdtr. Sorgendal f. 1706. Dei fekk 4 born. Det var: 1. Ole Fredriksen f. 1723 gift 1750 med Mari Engebretsdtr. f. 1724, 2. Petter Fr. Kastrud, gift med Mali Nilsdtr. Bjørge, 3.

Fredrik Fr. Nordhove g. 1770 med Inge Eriksdtr. Smestad, 4. Anne Lisbet f. 1743, død 1811. Av eit pantebrev frå 1747 går det elles fram at sersjant Kristen Pedersen Balberg, som da var i Christiania, var eigar av ”Sundstue Husene kaldet”, som han da sette i pant for eit pengelån på 40 rd. Det budde elles alt da fleire familiar på Sundgården.

Fredrik Sundgården, f. 1692, døde i 1747, men enka Maren Sundgården levde ennå i 1752. Ho hadde da innstemnt til hausttinget for Gausdal den 2. okt. s.å. ”menige almuesmenn i Gausdal ang. overfarten over Fåberg sund og den derav flytende sundtoll.”

Men i 1758 gav fullsøsken og livsarvingar etter Fredrik Sundgården skjøte til sonen Ole Fredriksen, som da tok over som sundmann og brukar i Sundgården. – Ole Fredriksen, f. 1723, var gift med Mari Engebretsdtr., f. 1724, og dei hadde 5 born. Det var: 1. Sessel f. 1750 gift 1801 med Jacob Madsen Diget i Vingrom, 2. Fredrik f. 1752, 3. Engebret f. 1756 gift med Beret Olsdtr., 4. Kristen f. 1759 gift 1790 med enke Marit Engebretsdtr. Smee, 5. Ole f. 1763 gift 1798 med Eli Amundsdr. Hov, og seinare, i 1807, med Sessel Amundsdr. Sæter.

Ole Fredriksen hadde Sundgården framleis i 1766. Det var da ein framand rydningsmann, Rasmus Johansen, som hadde ”tiltaget sig en rydningsplads til fornærmelse for Ole Fredriksen Sundpladsen, men som da blev dømt til å fravike den rydningsplads.” Som voldsbøter for ”sin egenrådige opførsel”, vart Rasmus vidare dømd til å betale 60 skl. ”til deling mellem Kongen og saksøkeren.”

I 1774 lånte Ole Sundgården mot pantebrev 450 rd. av bror sin Petter Kastrud. Truleg skulle pengane brukast til nybygging og restaurering av husa på Sundgården. I det heile trongst det i samband med sundferdsla mye hus og mye arbeidsfolk der. – Frå ti år seinare er ei kontrakt mellom Ole Sundgården og Hans Thomassen Schiæggestad ”ang. regle mellem deres eiendomme”. Ole Sundgården la elles i si brukartid bruket Aasen av skyld 3 skinn til Sundgården. Men i 1785 gav Ole Sundgården, som da var 63 år, skjøte til eldste sonen sin Fredrik på ”grd. Sundgaarden, skyld 6 skind samt pl. Aasen, skyld 3 skind for kjøpesum 799 rd.” Skjøtet er dagsett 17. juni 1785.

Fredrik Olsen, f. 1752, som da tok over Sundgården, var gift med Beret Larsdtr. Huse, Jørstad og dei fekk 6 born. Det var: 1. Ole f. 1782 gift 1809 med Marit Jonsdtr. Rustad, 2. Lars f. 1785 død 1792, 3. Mari f. 1788 gift 1811 med Fredrik Kristensen Nordhove, 4. Fredrik f. 1791 død 1793, 5. Lars f. 1794 gift 1819 med enken i Husesletten Eli Thomasdtr. Jeistad, 6. Anne f. 1798 gift 1829 med Kristen Asbjørnsen Skaarset.

Sundgården var framleis i denne tid ein velkjend og sentral stad i Fåberg. Ved folketellinga i 1801 budde det i alt 9 menneske på Sundgården. Det var: 1. Fredrik Olsen, husbonden, sundmann, 50 år, 2. Beret Larsdtr., kona hans, 49 år, 3. Ole Fredriksen, son deres, 19 år, 4. Lars Fredriksen, son deres, 6 år, 5. Mari Fredriksdtr., dotter deres, 13 år, 6. Anne Fredriksdtr.,

3 år, 7. Guro Pedersdtr., tenestkvinne, 26 år, 8. Ole Fredriksen, far til husbonden, føderådsmann 78 år, 9. Kari Olsdtr., legdslem, 86 år.

Ein merker seg at det var berre husbonden og sonen Ole og gamle bestefaren av vaksne karer som kunne skifte på ved ferdsla i sundet. Var det rart om husmora på Sundgarden ofte slutta den lange arbeidsdagen sin med å lesa eit kjært bibelord høgt både for seg sjølv og for andre? – Sundet kunne vera festleg å ha. – Med sundferdsla kunne og vera farleg. Ho var farleg, i grunnen alltid, både dag og natt, og anten det var med folk eller fe.

Frå 1805 er eit tingsvitnemål som tydeleg fortel om korleis ei ulykke kunde hende der:

”Fåberg 2. okt. 1805.

Hr. ritmester Tandberg tilkjendegav at den 15. juli 1803 da det Oplandske dragonregiments nordre Hedemarkske Kompagni blev demiteret fra ekserserpladsen og skulde marsjere til sit kvarter og skulde ferges over i Fåberg sund, hvor vannet var stort og strømmen gikk sterk, hendte det at dragonhesten for kvarteret Nedre Smestad blev urolig, så at en pistol, palask og gehæng, hvori bajonetten var innstukket, faldt i vannet. Dragonen hadde spendt deg av sig for å hjelpe sundmanden. – Dette blev bekræftet av to vidner.

Tingvidnet sluttet.”

8. mars 1809 gav Fredrik Olsen skjøte til son sin Ole Fredriksen, f. 1782, på grd. Sundgaarden og pl. Aasen for 1000 rd. + føderåd til faren Fredrik Olsen.

Kjøparen Ole Fredriksen var som før nemnt gift med Marit Rustad, og dei fekk i 1810 dottera Berte som i 1831 vart gift med Thor Eriksen Smestad.

Det skulle bli i Ole Fredriksen si sundmannstid at den store ulykka hendte her i Fåberg øvre sund. Det var 11. desember 1816, og det er truleg den tristaste drukningsulykka som nokon gong har hendt i Fåberg. 12 menneske drukna samtidig under overfarten i sundet. Dei var: Guri Johannesdtr. Randgaard, 15 år, Kristense Kristensdtr. ved Holme, 14 år, Ingeborg Hansdtr. v. Suttestad, 13 år, Else Hansdtr. Dagsveen, 15 år, Marthe Thomasdtr. Gjeistad 14 ½ år, Marthe Olsdtr. v. Fagstad, 14 år, Sidsel Kristensdtr. Holen, 16 år, Kristence Larsdtr. v. Smestad, 14 år, Anne Olsdtr. v. Smestad, 14 år, Eli Jonsdtr. Røverud, 15 år, Mari Amundsdtr. Bjørstad, 14 år, Peder Johannessen (ferjemann).

Dei elleve unge jentene i same alderen kom frå konfirmasjonsførebuing i prestegarden eller Fåbergkyrkja.

Dei drukna vart alle gravlagde ved ei felles gravferd 19. desember 1816, og fleire tårer har det truleg heller aldri vore felt ved nokor gravferd i Fåberg. Året etter døde Fredrik Olsen Sundgaarden og vart gravlagd 8. desember 1817.

Som eit førebuaende arbeid for ein ny matrikkel kom i 1819 framlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Om Sundgarden er det der fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 10 naut, og at den årlege kornavlinga var kring 50 tdr. Det er elles opplyst at det da var 1 husmannsplass til garden. Etter atter 19 år selde i 1838 enka etter Ole Fredriksen grd. Sundgaarden til hans Olsen. Samtidig gav den nye eigaren føderådskontrakt til de to enkene på Sundgarden. – Frå 19. mars 1839 er eit forlik der Hans Olsen overdrog til Thor Smestad ”Halvdelen i Fiskerie paa Sundgaarden.” Av denne tid er og eit makeskifte frå 1844 mellom gardane Sundgarden og Åsen på den eine sida og nedre Smestad og Bergesveen på den andre sida om 2 skogstykke.

I og med jordbrukstellingane i 1865 kom det atter nyare opplysningar om bruken av jorda på gardane. Sundgarden hadde da eit samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på ca. 80 mål, og av dette var 41 mål jord av 1. klasse. Husdyrhaldet på sjølve Sundgarden var same året 2 hestar, 10 naut og 13 sauer, men dertil var det på husmannsplassen til garden 2 kyr og 2 sauer. Først på same måten var utsæden på sjølve garden ¼ td. rug, 1 ½ td. bygg, 6 tdr.

blandkorn, ½ td. erter og 6 tdr. settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassen 1. td. blandkorn og 1 td. settepoteter.

Åtte år seinare gav i 1873 Hans Olsen Sundgaarden skjøte til dotter si Karen Hansdtr. Sundgaarden for kjøpesum 800 spd. + føderåd verdsett til 250 spd. Frå same året er og ei tinglyst kontrakt mellom gardane Sundgarden og Nordhove om grensene mellom eigedomane. Etter atter 13 år kom i 1886 endeleg den lenge førebudde nye norske matrikkelen. Gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Sundgarden i Fåberg fekk da gardsnr. 183 av samla skyld 5.27 mark, og det var da framleis Karen Hansdtr. som var eigar av garden. I tidsrommet 1886-95 var garden fleire gonger på handel, men i 1896 gav H.L. Sundgaard skjøte til Emil Eriksen Haave på eigedomane Sundgarden og Volden for kjøpesum kr. 8600. Ved ei skylddelingsforretning i 1899 vart elles parsellane Sæterlørkke med Nordsæterskog av skyld 0,52 mark og Rabben av skyld 1,31 mark skyldsett som egne bruksnr.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det altså da vorte 3 bruksnr. under gardsnr. 183 Sundgarden. Det var: 1. Sundgaarden av skyld 3,44 mark, som Fredrik Haave var eigar av, 2. Sæterlørkke med Nordsæter skog av skyld 0,52 mark, som lensmann Th. Fliflet da eide, 3. Rabben av skyld 1,31 mark med Emil Eriksen Hove som eigar.

I 1907 vart skogteigen br.nr. 4 Malibakteigen av skyld 0,14 mark fråskilt garden og seld til Nils P. Engen, og vidare gav i 1910 Fredrik Kristensen Haave skjøte til Emil Haave på gr.nr. 183, br.nr. 1 Sundgarden av skyld 3,30 mark og gr.nr. 182, br.nr. 4, gr.nr. 186, br.nr. 10 og gr.nr. 175, br.nr. 1 for kjøpesum til saman kr. 14700 + føderåd til seljaren etter 5-årleg verdi kr. 1250. Samtidig vart i 1910 grd. Sundgarden br.nr. 1 og grd. Nordhove søndre br.nr. 4 slått saman til ein gard.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 vart Sundgarden registrert under Nordhove søndre, Sundgården, br.nr. 13.